

Møtebok: Høgskulestyret (25.10.2017)

Høgskulestyret

Dato/tid: 25.10.2017, kl. 10.00 - 15.00

Sted: HVL Campus Kronstad
Inndalsveien 28,
5063 Bergen

Møterom: Styrerommet (A825)

Innhold

Vedtakssaker/Drøftingssaker		Side
77/17	Innkalling, dagsorden og godkjenning av protokoll – styremøte 10/17	3
78/17	Riksrevisjonen møter styret 25. oktober 2017	27
79/17	Revisjon av bierverv/sidegjøremål ved Høgskulen på Vestlandet - Revisjonsrapport	29
80/17	Intern økonomistatus per 2. tertial 2017	37
81/17	Status årsplan 2017 og gjennomgang av tilbakemeldingar frå etatsstyringsmøte	63
82/17	Forslag til statsbudsjett 2018	71
83/17	Budsjett 2019 - innspel til KD	75
84/17	Høgskulen på Vestlandet sitt eierskap i aksjeselskap	79
85/17	Endring av navn på studieprogram	83
86/17	Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi	113
87/17	Orientering til styret om OU-programmet - oktober 2017	117
88/17	Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning (u.offl. jf. offl.§25.1)	-
Orienteringssaker		
O-10/17	Orienteringar til styremøte 10/17	125
O-10/17-1	Årshjul for styret pr. oktober 2017	127
O-10/17-2	Referat frå IDF-møte	-
O-10/17-3	Rammer for studieåret (studiestart)	-
O-10/17-4	Orientering om prosess - Kronstad2	133
O-10/17-5	Strategigruppa - dialog med styret	-
O-10/17-6	Utviklingsavtaler – oppsummering møte med KD	-
Eventuelt		



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/00097-47 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 25.10.2017

077/17 - INNKALLING, SAKSLISTE OG GODKJENNING AV PROTOKOLL - STYREMØTE 10/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 10/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 09/17

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte.

Styremøtet finn stad onsdag 25. oktober, og er lagt til kl. 10.00-15.00.
Møterom **Styrerommet** (A825) på **HVL campus Kronstad**, Inndalsveien 28,
Bergen.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet
v/Linda McGuffie på telefon 55 58 75 39 eller e-post: lmhm@hvl.no.

Med helsing

Arvid Hallén
Styreleiar

Berit Rokne
rektor

Vedlegg:

Saksliste til styremøte 10/17
Protokoll frå styremøte 09/17

Saksliste til styremøte 10/17

Vedtakssaker/Drøftingssaker	
77/17	Innkalling, dagsorden og godkjenning av protokoll – styremøte 10/17
78/17	Riksrevisjonen møter styret 25. oktober 2017
79/17	Revisjon av bierverv/sidegjøremål ved Høgskulen på Vestlandet - Revisjonsrapport
80/17	Intern økonomistatus per 2. tertial 2017
81/17	Status årsplan 2017 og gjennomgang av tilbakemeldingar frå etatsstyringsmøte
82/17	Forslag til statsbudsjett 2018
83/17	Budsjett 2019 - innspel til KD
84/17	Høgskulen på Vestlandet sitt eierskap i aksjeselskap
85/17	Endring av navn på studieprogram
86/17	Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi
87/17	Orientering til styret om OU-programmet - oktober 2017
88/17	Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning (u. offl. jf. offl. §25.1)
Orienteringssaker	
O-10/17	Orienteringar til styremøte 10/17
O-10/17-1	Årshjul for styret pr. oktober 2017
O-10/17-2	Referat frå IDF-møte
O-10/17-3	Rammer for studieåret (studiestart)
O-10/17-4	Orientering om prosess - Kronstad2
O-10/17-5	Strategigruppa - dialog med styret
O-10/17-6	Utviklingsavtaler – oppsummering møte med KD
Eventuelt	



MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 27.09.2017 kl. 17:00-18:30
28.09.2017 kl. 09:00-14:30

Sted: Sogndal

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Cecilie Engen Fredheim, Marie Eikemo Larsen, Gunnar Birkeland (Deltok via skype), Trond Ueland (Delvis møtt)

Forfall: Trond Ueland 27.09.17

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART		
Vedtakssaker		
66/17	17/00097-42	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll - styremøte 09/17
67/17	17/05129-7	Eksternrekneskap per 2. tertial 2017
68/17	17/04914-22	Intern budsjettfordelingsmodell
69/17	17/09721-1	Godkjenning av system for kvalitetssikring og retningslinjer for ph.d.-utdanning ved HVL
70/17	17/00002-2	Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse
71/17	17/00004-2	Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium responsible innovation and regional development
72/17	17/10251-1	Instituttstruktur for Høgskulen på Vestlandet
73/17	17/09969-1	Rekruttering til instituttleiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet
74/17	17/06244-1	Orientering om avvikling av metningsdykkerutdanningen
75/17	17/08945-2	Status for dei nye grunnskulelærarutdanningane
76/17	17/09250-5	Lokale lønnsforhandlingar 2017
Orienteringssaker		
9/17	17/00146-19	O-09/17 Orienteringar til styremøte 09/17

Sogndal, 27.-28.09.2017

Arvid Hallén

66/17 Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll - styremøte 09/17

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	66/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 09/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 08/17

Møtebehandling

Styreleiar ønskte velkommen til møtet og gjorde greie for innkalling, saksliste og protokoll. Rektor orienterte om at to saker meldt av styremedlem i etterkant av første utsending av sakspapira var lagt til sakslista under sak O-09/17.

Tom Skauge hadde bedt om at saka om aktivitetsbaserte arbeidsplasser (ABA) på Kronstad (O-09/17-7) vart satt opp som eiga sak. Rektor ba om at styret handsama dette som ei orienteringssak med grunngjeving i at det ikkje fanst sakspapir. Forslagsstiller aksepterte dette.

Det kom ein merknad til protokollen som gjaldt manglande referatføring av innspel til rektor som kom fram i styrets diskusjon i sak 63/17. Styret ønsker at det også i orienteringssaker vert referatført om det kjem fram substansielle moment i styrets diskusjon. Protokollen vart likevel godkjent slik den var lagt fram. Styreleiar orienterte også om at eit namn som ikkje var med i den utsendte protokollen ville bli lagt til før den vert offentleggjort.

Referatet frå IDF-møtet vart sendt ut tysdag 26. september, difor vart det ikkje satt av lesetid til dette i møtet, men styret vart oppmoda til å følgje opp eventuelle innspel frå drøftingsmøtet i samband med dei aktuelle sakene.

Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.

Gunnar Birkeland deltok på møtet via skype, men mangla lyd på deler av handsaminga av denne saka.

Trond Ueland ikkje til stades ved handsaminga av denne saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 09/17
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 08/17

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

67/17 Eksternrekneskap per 2. tertial 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	67/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner delårsrekneskap per 2. tertial 2017.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Ellen England, økonomileiar ved seksjon for økonomi i nærregion Sogn og Fjordane, svara på spørsmål.

Styret diskuterte saka og var spesielt oppteken av nedgangen i oppdragsinntektene og behovet styret har for å vere informert om trendar i den økonomiske utviklinga tidlig. Leiarkommentarane i denne saka er utforma i tråd med KD sin mal, difor kjem ikkje detaljar om dette så godt fram i denne saka, Meir utgreiing om dei ulike postane kjem i styresaka om intern økonomistatus som vert lagt fram for styret i oktober.

Styreleiar signerte på leiarkommentarane som skal sendast til KD.

Saka vart handsama dag 2 av styremøtet.
Gunnar Birkeland mangla lyd på denne saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner delårsrekneskap per 2. tertial 2017.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

68/17 Intern budsjettfordelingsmodell

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	68/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek budsjettfordelingsmodellen slik den er foreslått i vedlagte rapport.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Rektor presenterte saka. Rasmus Stokke, leiar for arbeidsgruppa, gjekk gjennom saka og svarte på spørsmål. Svein Tore Sviggum svarte også på noen spørsmål.

Utgangspunktet er at modellen gjeld all verksemd finansiert av KD og skal vere tilpassa prinsipp og insentiv frå KD og vere transparent, føreseieleg og enkel. Stokke samanfatta hovudprinsippa i modellen slik:

1. Den er ein rammefordelingsmodell, samansett av ein basisdel og ein resultatavhengig del.
2. Modellen inneheld ein strategisk modul, som gjer det mogeleg for styret å stimulere og styre strategiske satsingar i høgskulen i tråd med strategisk plan.
3. Modellen gir fakulteta stor autonomi, dvs. handlefridom til å overføre midlar, bruke eigne midlar strategisk og planlegge langsiktig. Det gir moglegheit for fakulteta til å svare opp og forsterke dei institusjonelle satsingane. Den sterke resultatoverføringa til fakulteta i modellen gir stimulanse til å investere i til dømes ekstra studentopptak og ekstra satsing på fou- og BOA aktivitet. Men samstundes er det bygd inn ein solidaritetskomponent for svingingar i studenttal.
4. Det ligg og ein strategisk komponent i at større utstyr og investeringar vert trekte ut av rammeoverføringa til fakulteta, og vert styrt strategisk frå institusjonen.
5. I modellen ligg det og innebygde moglegheiter for å auke rammetildelinga til fakulteta og redusere budsjettering av felleskostnader ved å innføre internfaktureringsystem. Det kan stimulere til større bevisstheit rundt felleskostnader og frigjere strategiske midlar, og stimulere samarbeid.
6. Modellen stimulerer i seg sjølv ikkje til samhandling mellom fakulteta, men den kan brukast som reiskap i samarbeid for å økonomisk realisere tiltak på tvers av fakultet, til dømes studietilbod og emne.

Modellen inneheld følgjande styringsparameter:

1. Fakulteta får tildelt 80% av oppnådde resultatinntekter på følgjande resultatindikatorar:
 - Studiepoengproduksjon
 - Kandidatproduksjon
2. Fakulteta får 100% av oppnådde resultatinntekter på følgjande resultatindikatorar:
 - Utvekslingsstudentar

- Doktorgradskandidatar
 - Inntekter frå EU
 - Inntekter frå NFR og RFF
 - Inntekter frå BOA
 - Vitskapleg publisering
3. Basis er definert som: Tildelte studieplassar frå KD i dei ulike finansieringskategoriane.
 4. Fagleg og administrativ støtte er i hovudsak realbudsjettet, men med ein mindre resultatkomponent.
 5. Institusjonskostnadar er realbudsjettet.

Styret gav ros til arbeidsgruppa og til presentasjonen av saka og meinte at det er ein god og transparent modell som vart lagt fram. Modellen er i tråd med mandatet som vart gitt til arbeidsgruppa og prinsipp som styret har diskutert. Det vart peika på at den strategiske komponenten vert viktig og at styret må ha stor merksemd på denne. Styret slutta seg til at modellen vert implementert i organisasjonen.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret sluttar seg til budsjettfordelingsmodellen slik den er presentert i saksframlegget.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

69/17 Godkjenning av system for kvalitetssikring og retningslinjer for ph.d.-utdanning ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	69/17

Forslag til vedtak:

1. Kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
2. Retningslinjer for behandling av søknad om opptak til ph.d.-studier ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
3. Retningslinjer for opptaksperiode på et ph.d.-studium ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
4. Retningslinjer for stipendiaters pliktarbeid ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
5. Rektor gis fullmakt til å justere ordlyd i kvalitetssikringssystem og ph.d.-regelverk i tråd med administrativ organisering og fastsettelse av nytt kvalitetssystem ved HVL

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor og Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor for forskning, presenterte saka.

Styret ga sin tilslutning til saka.

Saka vart behandla på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet vert godkjent
2. Retningslinjer for handsaming av søknad om opptak til ph.d.-studier ved Høgskulen på Vestlandet vert godkjent
3. Retningslinjer for opptaksperiode på eit ph.d.-studium ved Høgskulen på Vestlandet vert godkjent
4. Retningslinjer for stipendiaters pliktarbeid ved Høgskulen på Vestlandet vert godkjent
5. Rektor vert gitt fullmakt til å justere ordlyd i kvalitetssikringssystem og ph.d.-regelverk i tråd med administrativ organisering og fastsetting av nytt kvalitetssystem ved HVL

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

70/17 Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	70/17

Forslag til vedtak:

1. Styret viser til premissene i saken og godkjenner søknad til NOKUT om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse.
2. Styret godkjenner opptakskrav/utfyllende bestemmelser for ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse ved Høgskulen på Vestlandet
3. Styret fastsetter Fakultet for helse- og sosialfag som vertsfakultet for ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia, Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor for forskning, presenterte saka. Professor Alice Kvåle, som har leia utviklinga av phdprogrammet, gav ei meir inngåande gjennomgang av innhaldet i søknaden og svara på spørsmål frå styret.

Styret sa seg svært nøgd med at ein no er klar til å sende søknad til NOKUT. Styret gav ros for at ein har greidd å inkludere fagmiljø på tvers av studiestader og slik lagt til rette for å hente ut meirverdien av fusjonen.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret viser til premissane i saka og godkjenner søknad til NOKUT om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse.
2. Styret godkjenner opptakskrav/utfyllande retningslinjer for ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse ved Høgskulen på Vestlandet
3. Styret fastset Fakultet for helse- og sosialfag som vertsfakultet for ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

71/17 Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium responsible innovation and regional development

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	71/17

Forslag til vedtak:

1. Styret viser til premissene i saken og godkjenner søknad til NOKUT om akkreditering av PhD Programme in Responsible Innovation and Regional Development
2. Styret gir rektor fullmakt til å godkjenne retningslinjer med opptakskrav/utfyllende bestemmelser for ph.d.-studiet i ansvarlig innovasjon og regional utvikling.
3. Styret fastsetter fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap som vertsfakultet for ph.d.-studiet ansvarlig innovasjon og regional utvikling.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia. Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor for forskning, presenterte saka. Professor Arnt Fløysand, som har leia utviklinga av phdprogrammet, gav ei meir inngåande gjennomgang av innhaldet i søknaden og svara på spørsmål.

Styret var også her svært nøgd med at programmet er studiestads- og fakultetsovergripande og på den måten hentar ut gevinst frå fusjonen. Dette er eit framtidsretta program med eit innhald som er svært relevant for regionale utfordringar og som understøtter arbeidslivsretta og profesjonsretta utdanningar.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret viser til premissane i saka og godkjenner søknad til NOKUT om akkreditering av PhD Programme in Responsible Innovation and Regional Development.
2. Styret gir rektor fullmakt til å godkjenne retningslinjer med opptakskrav/utfyllande avgjerder for ph.d.-studiet i ansvarlig innovasjon og regional utvikling.
3. Styret fastset fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap som vertsfakultet for ph.d.-studiet ansvarlig innovasjon og regional utvikling.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

72/17 Instituttstruktur for Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	72/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar følgjande instituttstruktur:

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett:

Institutt 1: Idrett, Kroppsøving, Mat og helse, Naturfag

Institutt 2: Pedagogikk GLU/BLU, PPU Y/A, IKT i læring, Samfunnsfag, KRLE

Institutt 3: Norsk, Engelsk, Matematikk, Teiknspråk

Institutt 4: Kunst og handverk, Musikk, Drama

Fakultet for helse- og sosialfag:

Institutt 1: Sjukepleie, Jordmor, Helsesøster mm.

Institutt 2: Fysioterapi, Ergoterapi, Radiografi

Institutt 3: Barnevern, Sosialt arbeid, Vernepleie

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap:

Institutt 1: Maskin og marin

Institutt 2: Bygg

Institutt 3: Miljøvitskap (Naturfag, Klima og miljø)

Institutt 4: Data og elektro (Data, Realfag, Elektro)

Institutt 5: Bio/kjemi og sikkerhet (Biokjemi, Kjemi, Brann, HMS)

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap:

Institutt 1: Nautiske fag

Institutt 2: Økonomi og administrasjon

Institutt 3: Samfunnsvitskap

2. Rektor får fullmakt til å fastsette endelege instituttamn etter innspel frå dekanane.

3. Rektor får fullmakt til å fastsette leiarstruktur på nivå 3 og 4 i kvart institutt

4. Dekanane får fullmakt til å fastsette andre understrukturar i kvart institutt.

5. Rektor syt for at instituttstrukturen vert evaluert seinast ½ år før neste åremålsperiode.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka og gjorde greie for saksinnhaldet og prosessen. Ho understreka at det er instituttstrukturen som er tema for saka, ikkje namn eller understruktur. Gunn Haraldseid, prosjektleiar for P2: Fagleg organisering i OU-programmet, var tilstades i møtet og svarta på spørsmål.

Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, var tilstades i møtet og svara på spørsmål rundt vedtakspunkt 4.

Styret drøfta framlegget til instituttstruktur fakultetsvis og gav støtte til rektor sitt forslag til struktur for tre av fakulteta: Fakultet for helse- og sosialfag (FHS), Fakultet for økonomi- og samfunnsfag (FØS) og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI). Styret understreka kor viktig det er at utdanningsperspektivet vert ivaretatt på FLKI med kompenserande tiltak, sidan strukturen ein går inn for her tek utgangspunkt i fagområde og ikkje utdanningar.

For Fakultet for ingeniør- og ingeniør- og naturvitskap vart det i møtet lagt fram eit alternativ framlegg med sju institutt i staden for rektor sitt forslag om fem institutt. Det vart her lagt vekt på at dekanen tilrådde sju fakultet i første omgang før ein seinare kunne redusere talet til fem eller færre. Rektors framlegg var grunngeve med at føresetnaden har vore få institutt (jf. styresak 12/17) og at det alt no er godt nok grunnlag for ein struktur med fem institutt. Styret diskuterte kva omsyn som skulle telje mest: føresetnadene om å etablere eit fåtal institutt, slik det er gjort for dei andre store fakulteta, eller ulempene ved å gå mot ynsket til fakultetet om å gå stegvis fram.

Forslag til nytt punkt 1 og justering av punkt 5 vart fremma av Skauge:

[...]

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap:

Institutt 1: Maskin og marin

Institutt 2: Bygg

Institutt 3: Miljøvitskap (Naturfag, Klima og miljø)

Institutt 4: Data og elektro (Data, Realfag)

Institutt 5: Bio/kjemi og sikkerhet (Biokjemi, Kjemi)

Institutt 6: Sikkerhet (Brann, HMS)

Institutt 7: Elektro

I løpet av dei to første åra av første åremålsperiode skal fakultetet arbeide fram ein struktur med fem eller færre institutt, seinast eit halvt år før nye åremålstilsettingar.

[...]

5. Rektor skal syte for at det ligg føre ei evaluering av instituttstrukturen seinast ½ år før starten på neste åremålsperiode.»

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Skauge sitt framlegg til punkt 1 vart satt opp mot rektors framlegg til vedtak.

For: Skauge, Fredheim, Ueland, Larsen, Riisøen, Yttri, Birkeland, Berg (8)

Mot: Hallén, Kjenndalen, Øye, Ubbe, Johanssen (5)

Skauge sitt forslag til punkt 1 vart vedteke med åtte mot fem røyster.

Vedtak

1. Styret vedtar følgjande instituttstruktur:

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett:

Institutt 1: Idrett, Kroppsøving, Mat og helse, Naturfag

Institutt 2: Pedagogikk GLU/BLU, PPU Y/A, IKT i læring, Samfunnsfag, KRLE

Institutt 3: Norsk, Engelsk, Matematikk, Teiknspråk

Institutt 4: Kunst og handverk, Musikk, Drama

Fakultet for helse- og sosialfag:

Institutt 1: Sjukepleie, Jordmor, Helsesøster mm.

Institutt 2: Fysioterapi, Ergoterapi, Radiografi

Institutt 3: Barnevern, Sosialt arbeid, Vernepleie

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap:

Institutt 1: Maskin og marin

Institutt 2: Bygg

Institutt 3: Miljøvitskap (Naturfag, Klima og miljø)

Institutt 4: Data og elektro (Data, Realfag)

Institutt 5: Bio/kjemi og sikkerhet (Biokjemi, Kjemi)

Institutt 6: Sikkerhet (Brann, HMS)

Institutt 7: Elektro

I løpet av dei første to åra av første åremålsperiode skal fakultetet arbeide fram ein struktur med fem eller færre institutt, seinast eit halvt år før nye åremålstilsettingar.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap:

Institutt 1: Nautiske fag

Institutt 2: Økonomi og administrasjon

Institutt 3: Samfunnsvitskap

2. Rektor får fullmakt til å fastsette endelege instituttnamn etter innspel frå dekanane.

3. Rektor får fullmakt til å fastsette leiarstruktur på nivå 3 og 4 i kvart institutt

4. Dekanane får fullmakt til å fastsette andre understrukturar i kvart institutt.

5. Rektor skal syte for at det ligg føre ei evaluering av instituttstrukturen seinast ½ år før starten på neste åremålsperiode.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

73/17 Rekruttering til instituttlederstillinger ved Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	73/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Rektor får fullmakt til å oppnemna innstillingsutval for stillingane som instituttleder, med følgjande samansetting:

- Dekan
- Ein noverande dekan/instituttleder
- Ein fagrepresentant
- Ein tillitsvald
- Ein student

2. Det vert oppnemnt eit Tilsettingsutval med følgjande samansetting:

- Tre representantar frå rektoratet
- Ein hovudtillitsvald (med vararepresentant)
- Ein studentrepresentant (med vararepresentant)

Rektor får fullmakt til å gjera den endelege oppnemninga av medlemmene i utvalet. Utvalet gjer dei endelege vedtaka i tilsettingane av instituttledarar.

3. Styret sluttar seg til rektors vurderingar om utlysingsform (internt/eksternt), stillingsinnhald og kompetansekrav for instituttlederstillinger, og gjev rektor fullmakt til å gje ei endeleg utforming av utlysingstekst for den enkelte stillinga.
4. Styret ber om at instituttlederstillingane blir lyste ut så snart råd er.

Møtebehandling

Styreleder innleia og rektor presenterte saka. Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, svara på spørsmål.

Styret sluttar seg til saka. Styret bad om at ein i samband med samla tilsettings-/personalreglement for HVL ser på problemstillinga med nivået på styrets involvering i tilsettingsprosessar. Ved framtidige tilsettingar bør ikkje styret vere involvert, med mindre det gjeld stillingar kor dette er eit krav i uh-lova. Styret understreka vidare at ein må bruke nærregionsnamna eller fylkesnamna i utlysingstekstar, og ikkje referere til nærregionane som nord/sør.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Rektor får fullmakt til å oppnemna innstillingsutval for stillingane som instituttleiar, med følgjande samansetting:

- Dekan
- Ein noverande dekan/instituttleiar
- Ein fagrepresentant
- Ein tillitsvalt
- Ein student

2. Det vert oppnemnt eit Tilsettingsutval med følgjande samansetting:

- Tre representantar frå rektoratet
- Ein hovudtillitsvalt (med vararepresentant)
- Ein studentrepresentant (med vararepresentant)

Rektor får fullmakt til å gjera den endelege oppnemninga av medlemmene i utvalet. Utvalet gjer dei endelege vedtaka i tilsettingane av instituttleiarar.

3. Styret slutter seg til rektors vurderingar om utlysingsform (internt/eksternt), stillingsinnhald og kompetansekrav for instituttleiarstillingane, og gjev rektor fullmakt til å gje ei endeleg utforming av utlysingstekst for den enkelte stillinga.
4. Styret ber om at instituttleiarstillingane blir lyste ut så snart råd er.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

74/17 Orientering om avvikling av metningsdykkerutdanningen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	74/17

Forslag til vedtak:

Høgskulestyret tar saken til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor for forskning med ansvar for nærregion Bergen, presenterte saka.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Høgskulestyret tek saka til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

75/17 Status for dei nye grunnskulelærerutdanningane

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	75/17

Forslag til vedtak

Styret syner til vurderinga og ber om ber om orientering om GLU kvart semester.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Jan Olav Fretland, studieprogramansvarleg ved lærarutdanninga, gjorde greie for saksinnhaldet og svara på spørsmål.

Styret takka for presentasjonen og var positive til det arbeidet som er i gang med samkøying av lærarutdanningane på tvers av studiestader. Styret var opptatt av at ein seinare kan få ei sak om utfordringane med låg rekruttering til 1.-7. trinn, inkludert ei kort utgreiing over framtidig behov i samfunnet for denne typen lærarar, og kva HVL kan gjere for å motverka denne trenden. Det vart opplyst at det er sett i gang tiltak for å gjere det betre på dei parametranne vi ikkje fekk så god tilbakemelding på i studiebarometeret.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret syner til vurderinga og ber om orientering om GLU kvart semester.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

76/17 Lokale lønnsforhandlingar 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	27.09.2017	76/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane i 2017 til styremøtet i desember.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, ga ei meir inngåande gjennomgang av saka.

Saka vart handsama på dag 2 av styremøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane i 2017 til styremøtet i desember.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

Saknr	Arkivsak	Tittel
9/17	17/00146-19	O-09/17 Orienteringar til styremøte 09/17
O-09/17-1	Årshjul pr. september 2017	
	Styret hadde ikkje merknadar til årshjulet eller møteplanen, anna enn eit ønske om at det vart gjort meir tydeleg når noe er endra i årshjulet. Styret hadde ingen innvendingar til foreslått møteplan for 2018. Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.	
O-09/17-2	Referat frå IDF-møte	
	Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet. <i>Ingen merknadar.</i>	
O-09/17-3	Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet 2018 - 2020	
Vedlegg:	Styret meinte at signala frå drøftinga i førre møte er godt inkorporert i den forenklinga og konkretiseringa som er gjort i det reviderte innspelet til utviklingsavtale før det vart sendt til departementet (KD). Styret ser fram til å få saka tilbake etter at høgskulen har møtt KD i oktober. Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.	
O-09/17-4	Val av varamedlem – Studentrepresentantar til Høgskulestyret 01.08.2017 – 31.07.2018	
	Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet. <i>Ingen merknadar.</i>	
O-09/17-5	Innspill frå styret – strategiprosess – evt. oppfølgingspunkt frå seminar	
	Overordna tema for styreseminaret var «Inn mot strategiprosessen», med fokus på framtidas universitet, utfordringsbileta innan forskning, utdanning og samhandling, og dessutan eksterne forventningar. I tillegg var ein del av seminaret vidd til temaet digitalisering. Seminaret var førebudd og vart fasilitert av OU-programmet, og styret og strategigruppa var deltakarar.	

	Styreleiar innleia med foredraget <i>Ambisjonar for høgskulen på Vestlandet</i> (førebudd til Hordalandskonferansen i januar). Han la vekt på at fusjonsplattforma, kongeleg resolusjon, arbeidet med faglig plattform, profil og strategi, og dessutan universitetsambisjonen legg tydelege føringar for strategiarbeidet ved HVL. Ambisjonen om å vere eit praksisnært, profesjons- og arbeidslivsretta universitet gir vår institusjon andre utfordringar enn om vi var eit tradisjonelt universitet med utgangspunkt i disiplinbaserte utdanningar, men her ligg også kimen til det som er vårt særpreg. Høgskulen på Vestlandet skal utvikle ein fagprofil og forskingsprofil som skal være på fagleg høgt ambisjonsnivå, men den må innrettast slik at den understøttar profesjonsutdanningane og profesjonsutøvinga. Profesjonsutdanningane og praksisfelte dei er retta inn mot vil kunne avdekke andre problemstillingar for fagleg utvikling og forskning enn eit reint disiplinbasert utgangspunkt. Forskinga og den faglege aktiviteten skal understøtte utdanningane og praksisfelte, samstundes som ein må ha ein ambisjon om å vere relevant på forskingsfeltet nasjonalt og internasjonalt. I seminaret vart det mellom anna brukt tid på å sjå på kva for eksterne partar i ulike næringar det er viktig for HVL å involvere i strategiprosessen og korleis denne involveringa burde gå føre seg. Det er ønskeleg å gå breitt ut for å hente inn eksterne forventningar, og dessutan gjere bruk av Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og andre mindre grupperingar i næringslivet i nærregionane. Strategigruppa tek med seg innspela frå seminaret vidare i sitt arbeid. Andre del av seminaret hadde digitalisering som tema. Digitalisering er eit middel for å bli enda betre på utdanning, forskning og formidling, og å binde saman høgskulen. Det er andre tema som også er viktige i ein strategiprosess, og grunngjevinga for å vie såpass mykje tid til digitalisering på dette strategiseminarer var å sikre ei god forankring hos leiinga på at dette er eit viktig satsingsområde for HVL. For å kunne realisere våre mål så må vi jobbe med digitalisering. Det er eit leiingsansvar å sjå på korleis teknologiske hjelpemiddel skal takast i bruk. Høgskulen må vere klok og ressursnøktern i forhold til digitalisering, men vi har ikkje råd til å nøle når det gjeld dette utfordringsområdet, og vi må vere ein del av digitaliseringa i vår sektor. Det er dessutan også imperativt for kvaliteten på studentane som vert uteksaminert frå HVL – dei skal inn i eit digitalisert arbeidsliv og det er ei viktig oppgåve å førebu dei på den kvardagen – i tillegg til å gje dei den faglege ballasten dei treng. Det er lagt opp til jamnleg dialog mellom strategigruppa og styret, noe som vil gje rom for å gje andre tema meir merksemd i tida framover. Styret ønska strategigruppa lykke til med arbeidet.
--	---

	Styreseminaret fann stad på dag 1 av styremøtet. Gunnar Birkeland deltok via telefon på deler av seminaret og deltok via skype på handsaminga av denne orienteringssaka. Trond Ueland var ikkje tilstades på styreseminaret og var ikkje i styremøtet når saka vart handsama. Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.
O-09/17-6*	NOKUT tilsyn med bachelor i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie
	Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Saka er satt på agendaen etter innspel frå styremedlem. Anne-Grethe Naustdal, Dekan ved Avdeling for samfunnsfag, orienterte om status kring NOKUT-tilsynet med HVL sine bachelorutdanningar i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie. Tilsvaret til NOKUT sitt tilsyn vart sendt 28. september. Utdanningane er vurdert i opp mot elleve kriterier i studietilsynsforskrifta og det er jobba med både mål-krav og bør-krav. Arbeidet har særlig retta seg mot studieplanarbeid, kompetanseheving, utviding av fagstaben, forskning og internasjonalisering. Vi meiner å dekke mål-krava, og vi er dessutan godt i gang med bør-krava. Det er sett i verk en del langsiktige tiltak for å styrke desse utdanningane. Arbeidet med samkøyring av utdanningane på tvers av campus (planlagt 2019/2020) vil også bidra til dette. Den største utfordringa på desse utdanningane er førstekompetanse. Det er små fagmiljø som er sårbare for avgang, samt at det er utfordrande å rekruttere folk som har både profesjonskompetanse og førstekompetanse. Det er viktig at styret og organisasjonen har fokus på denne problemstillinga framover. Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.
O-09/17-7*	Planene om aktivitetsbaserte arbeidsplasser i åpne landskap ved nybygget Kronstad 2
	Styreleiar innleia. Saka er satt på agendaen etter innspel frå styremedlem. Tom Skauge presenterte saka. Saka er meldt til styret som følgje av misnøye blant tilsette i Bergen med at ein i overgangen frå forprosjekt- til prosjektfase har lagt inn eit krav om nær 100% aktivitetsbaserte arbeidsplassar i planane for Kronstad2. Dette var ikkje oppe som eit reelt alternativ då saka vart

	handsama i brukargruppe 1. Essensen i saka er ei uro for at vedtaket er tatt utan god nok involvering av dei tilsette og omsyn til deira behov. Det vart sett fram ønske om å få denne saka til handsaming i styret. Til spørsmålet om involvering peika rektor på at brukarutvalet som har arbeidd med forprosjektet og det brukarutvalet som no er sett ned for å arbeide med sjølve prosjektet har same representasjonssamansetning. Styret peikte på at det ligg til organisasjonsleiinga å bestemme detaljar i utforming av nye bygg. Styret kan derimot leggje føringar for og sjå til at det er gode prosessar i organisasjonen og at dei prosessane som kjem i framtida får riktig involveringsnivå. Styret ber difor om å få ei orienteringssak om sjølve prosessen på neste styremøte. Saka vart handsama på dag 1 av styremøtet.
Eventuelt:	
<i>Ingen saker vart meldt.</i>	



Arkivsak-dok. 17/10855-1
Saksbehandler Kristine Tangen

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato

078/17 - RIKSREVISJONEN MØTER STYRET 25. OKTOBER 2017

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar presentasjonen av Riksrevisjonen til orientering.

Sammendrag

I juni i år hadde høgskolens ledelse et oppstartsmøte med Riksrevisjonen vedrørende revisjonsarbeidet for 2017. På møtet gav også høgskolens ledelse en orientering om det pågående fusjonsarbeidet, samt andre forhold som ville ha betydning for Riksrevisjonens arbeid. Avslutningsvis uttrykte Riksrevisjonen et ønske om å få møte høgskolens styre i løpet av høsten.

Agenda for møtet vil være en presentasjon av Riksrevisjonen, med fokus på organisering og mandat, samt en introduksjon til revisjonsarbeidet i 2017. Riksrevisjonen vil også fokusere på det ansvaret som er tillagt institusjonens ledelse/styre.

Riksrevisjonen vil være representert med seksjonsleder Thorgunn Nordstrand og seniorrådgiver Hanne Nordrehaug.

Vedlegg:

Skriv inn vedlegg her

Arkivsak-dok. 17/03120-6
Saksbehandler Kristine Tangen

Arkivkode. 121

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
25.10.2017

079/17 - REVISJON AV BIERVERV/SIDEGJØREMÅL VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET - REVISJONSRAPPORT

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar revisjonsrapporten til orientering.
2. Styret ber ledelsen påse at de bemerkninger og anbefalinger som fremkommer i revisjonsrapporten blir fulgt opp på en hensiktsmessig måte.

Sammendrag

Det ble våren 2017 gjennomført en internrevisjon av sidegjøremål/bierverv i henhold til styregodkjent revisjonsplan for 2017.

Det er vanlig og i stor grad ønskelig i UH-sektoren at ansatte innehar sidegjøremål (bierverv) og roller i andre virksomheter som i næringsliv, i organisasjoner og i offentlig virksomhet. Men Riksrevisjonen har tidligere omtalt forholdet i Dokument 1 (Riksrevisjonens rapport til Stortinget om den årlige revisjon og kontroll av departementene og de statlige virksomhetene) for andre institusjoner og viser til at det i enkelte tilfeller er mangelfulle rutiner og åpenhet på området. Det er gjennomført en internrevisjon med fokus på i hvilken grad de fire samarbeidende virksomhetene etterlever lover og regler samt virksomhetenes egne interne retningslinjer som foreligger på området.

Det er basert på dette utarbeidet et forslag til beste praksis på området.

Vedlegg:

Vedlegg: Revisjonsrapport for Høgskulen på Vestlandet

Saksframstilling:

Formål med revisjonen:

Internrevisjonen ønsket å undersøke i hvilken grad Høgskulen på Vestlandet følger regelverket knyttet til behandling av sidegjøremål, med særlig fokus på ansattes bierverv, herunder eierinteresser i annen virksomhet.

Internrevisjonen har gitt anbefalinger med hensyn til hvilke tiltak virksomheten kan foreta seg for å imøtekomme reglementet og samtidig sikre god internkontroll på revidert område.

Revisjonsrapportene for Universitetet i Agder, Nord Universitet og Universitetet i Stavanger er tilgjengelig på forespørsel.

Hovedkonklusjon fra revisjonsrapport:

Høgskulen på Vestlandet har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men har likevel ikke et helhetlig og godt system for registrering av bierverv eller etablerte internkontrollrutiner som sikrer fullstendighet og gjennomsiktighet/transparens i forhold til ansattes bierverv.

Det vises ellers til vedlagte revisjonsrapport.

Utsatt/offentlighet jf. Off.lov §14

REVISJONSRAPPORT

Revisjon av bierverv/sidegjøremål ved Høgskulen på Vestlandet

Distribuert til:

Styret

Høgskoledirektør

Deltakere ved intervju

Gjennomført av enhet for internrevisjon:

Cathrine Vasset Rasmussen (Nord), Annette Sundsdal (UiA), Rolf Jegervatn (UiS) og Kristine Tangen (HVL)

Bergen

15.06.2017





NORD
universitet



Høgskulen
på Vestlandet



UNIVERSITETET I AGDER

1. SAMMENDRAG

Formålet med revisjonen har vært å undersøke i hvilken grad Høgskulen på Vestlandet (HVL) følger regelverket knyttet til behandling av bierverv.

Revisjonen har omfattet Universitetet i Stavanger (UiS), Universitetet i Agder (UiA), Nord universitet og Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Metodisk er det benyttet dokumentanalyse av relevant dokumentasjon som rutiner og retningslinjer, og det er gjennomført intervju med ledere i sentral administrasjon, ved avdelingene samt med annet relevant personale. I tillegg har internrevisjonen også foretatt en gjennomgang av registrerte bierverv ved virksomhetene og foretatt stikkprøvekontroll av et utvalg ansatte i forhold til registrerte opplysninger HVL har opp mot offentlige registre. De reviderte enhetene har hatt anledning til å kommentere og korrigere fakta innholdet i rapporten.

Internrevisjonens samlede vurdering er at metodebruk og kildeomfang har gitt tilstrekkelig grunnlag til å svare på formålet med revisjonen.

At de ansatte har bierverv er viktig og ønskelig fra virksomhetens side, blant annet for å ha nærhet og nettverk i andre virksomheter, næringsliv og forskningsarenaer. Sektoren er avhengig av deling av kompetanse. Men det er også viktig å ha oversikt over de ansattes totale arbeidsbelastning, samt å verne om høgskolens og de ansattes tillit og integritet, ved at det legges opp til åpenhet om mulige interessekonflikter og håndtering av slike.

Konklusjon

Det er kun få måneder siden fusjonen mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskolen i Stord/Haugesund (HSH) og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), og da Høgskulen på Vestlandet (HVL) ble dannet. HVL har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men dette har vært forskjellig organisert og praktisert ved de forskjellige nærregionene, og det er ikke godt nok kommunisert ut i den nye organisasjonen hvordan det er ønskelig at dette håndteres. HVL har således ikke et fullt ut helhetlig og godt system for registrering av bierverv som sikrer fullstendighet, gjennomsiktighet/transparens og lik behandling av bierverv.

Etter utført testing er det tydelig at det er stor underrapportering av bierverv, samt at det er uklart for de ansatte hva som trengs innrapportert.

2. GJENNOMGANG AV PROSESSEN I FORHOLD TIL BIERVERV VED HVL:

I personalhåndboken på intranett ligger både retningslinjene samt et pdf-søknadsskjema for registrering av bierverv/sidegjøremål. Skjema skal sendes via elektronisk dokumentflyt i p360 til nærmeste leder, så til dekan og så videre til personaldirektør. Sidegjøremålet må da anbefales godkjent av alle. Dette linkes så inn i personalmappen i p360, og lønnskontoet registrerer det manuelt i SAP. For å se hvilke bierverv/sidegjøremål som er registret på den enkelte ansatte må man inn på personalmappen eller spørre lønnskontoet og få tilsendt liste fra SAP.

Alle innmeldte bierverv fra 1.1.2017 er registrert i henhold til denne rutinen, men tidligere innmeldte bierverv er ikke registrert inn i henhold til denne rutinen. Nærregionene har likevel oversikter over innmeldte bierverv i henhold til deres tidligere rutiner.

3. GJENNOMGANG AV FUNN

- Tidligere HiB og HSH har egne retningslinjer i forhold til bierverv, mens tidligere HiSF har dette omtalt i informasjonsskriv om arbeidsvilkår for tilsatte i undervisnings- og forskerstillinger. Det er ikke iverksatt rutiner for hvordan virksomheten skal gjennomføre praktisering av regelverket. Retningslinjene er gjort kjent ved et punkt i arbeidskontraktene, samt HiBs retningslinjer og skjema er publisert i personalhåndboken på intranett.
- De tre fusjonerte virksomhetene hadde ulik praksis på dette området før fusjonen. Det kan da være en utfordring å få alle ansatte til å forholde seg til de nye etablerte retningslinjene.
- Samtaler med representanter fra linjeledelsen ved HVL gir internrevisjonen grunn til å antyde at det har vært manglede fokus fra sentral ledelse med hensyn til forankring av prosessen bierverv/sidegjøremål.
- Ansvar for registrering og vurdering av bierverv virker å være tydelig fordelt ved virksomheten.
- HVL har ikke etablerte tydelige rutiner for kontroll og oppfølging av sidegjøremål/bierverv, men det er å forvente at et felles sett med rutiner og retningslinjer gjeldende for hele HVL blir utarbeidet.
- Det er nærmeste leder, så dekan og til slutt personaldirektør som skal godkjenne bierverv, og rolle- og habilitetsutfordringer blir derfor ikke opplevd eller oppfattet som en risiko.
- HVL har ikke gjennomført kartlegging og vurdering av vesentlige risikoer knyttet til etterlevelse av retningslinjene for praktisering av bierverv, og virksomheten har heller ikke gjennomført dokumenterte evalueringer av retningslinjene og praksis. Dette kan ha som konsekvens at system og rutiner ikke er tilpasset de spesifikke utfordringene som knytter seg til bierverv, noe som øker risiko for feil, avvik og unødvendig ressursbruk.
- Under samtalene kom det fram at det vurderes at det kan være omdømmerisiko, risiko for at den ansatte driver konkurrerende virksomhet og at samlet arbeidsbelastning kan bli utfordrende for den ansatte i full stilling ved HVL i tillegg til flere bierverv. Det er i tillegg en risiko at ansatte tar på seg for mange ikke-opplysningspliktige bierverv, da også med tanke på arbeidsbelastning.
- Det er ikke kjent for internrevisjonen at det er etablert noe formalisert samarbeid/informasjonsutveksling mellom virksomhetene i sektoren som sikrer lik praktisering av regelverk for bierverv/sidegjøremål.
- Testingen avdekket mange enkeltpersonforetak som ikke er registrert i virksomhetens oversikt over bierverv. Internrevisjonen kan ikke konkludere med hensyn til omfang og art, samt om

foretakene er sovende eller har aktivitet. Heller da ikke hvordan dette eventuelt påvirker jobbsituasjonen for den enkelte ansatte.

- Testingen avdekket også at en betydelig andel av de ansatte har styreverv som ikke er registrert i virksomhetens oversikt over bierverv. Internrevisjonen kan ikke konkludere med hensyn til hvor tidkrevende styrevervene er eller om oppgaver tilknyttet disse kun blir gjort på kveldstid og da dermed ikke hvordan dette eventuelt påvirker jobbsituasjonen for den enkelte ansatte.
- En andel av de ansatte i testutvalget har eierinteresser i selskaper (AS, DA, ANS ol.) som ikke er registrert i virksomhetens oversikt over bierverv. Dette gir risiko for at virksomheten kan komme til å kjøpe produkter/tjenester fra egne ansatte, samt at ansatte er engasjert i konkurrerende aktivitet.
- Testing og samtale indikerer at bierverv som ikke direkte er knyttet til den ansattes stilling i større grad ikke innrapporteres siden dette ikke oppfattes nødvendig å informere om av den ansatte. Arbeidsgiver får da ikke oversikt over den ansattes totale arbeidsbelastning.
- Internrevisjonen og virksomheten har ingen muligheter til å sjekke hvilke andre ansettelsesforhold ansatte eventuelt måtte ha i andre virksomheter (privat/offentlig sektor) for øvrig. Arbeidsgiver er avhengig av et gjensidig tillitsforhold med de ansatte og at det meldes fra om disse forholdene.
- Det er kun om lag 7 % av de ansatte som har meldt inn sidegjøremål, mens det i testen ble funnet at om lag 39 % av testpersonene hadde sidegjøremål av en art som nok burde vært innmeldt. Dette peker på at det er en underreportering av sidegjøremål.
- Det kan være til dels vanskelig å kontrollere om virksomheten foretar kjøp fra ansattes enkeltpersonsforetak om disse ikke registreres.
- Lister over hvem/hva som er registrert er ikke lett tilgjengelig for ledere, disse fås kun fra lønnskontoet etter forespørsel.
- Det ble ikke funnet kjøp av utstyr eller tjenester fra testutvalgets enkeltpersonsforetak eller AS.

4. FORSLAG TIL BESTE PRAKSIS MED BAKGRUNN I DE FIRE REVIDERTE VIRKSOMHETENE

Om virksomheten ikke har igangsatt eller implementert følgende tiltak bør dette vurderes for å sikre at retningslinjene for praktisering av bierverv blir fulgt:

1. Gjennomføre systematiske risikovurderinger, og etablere rutiner for registrering, vurdering, kontroll og oppfølging av retningslinjer for praktisering av bierverv, som er tilpasset de spesifikke utfordringene knyttet til området.
2. Vurdere å årlig legge frem for styret en samlet kategorisert oversikt over bierverv i virksomheten. Dette kan være interessant for styret både med hensyn til omfang, samt den faglige relasjonen mellom potensielle samarbeidspartnere både i forhold til forskning og undervisning.
3. Vurdere å legge godkjenning av bierverv til et høyere ledelsesnivå enn kun nærmeste leder, slik at habilitet og evt. rollekonflikter unngås.

4. Vurdere om det er nødvendig å gi klarere føringer med hensyn til hva som er akseptert øvre grense for samlet omfang av bierverv for en ansatt, samt hva som er virksomhetens ønskede omfang og art av bierverv for den ansatte.

5. Utvikle rapporteringsfunksjonen slik at ledere på alle nivå i organisasjonen enkelt har tilgang til oppdaterte rapporter som omfatter registreringer på alle underliggende organisasjonsnivå.

6. Etablere rutiner for jevnlig oppdateringer av registrene for bierverv, slik at registrene reflekterer de faktiske forholdene.

7. Vurdere å etterspørres felles samhandlingsarenaer og retningslinjer fra sektoren knyttet til håndtering av bierverv.

8. Sette krav til årlig evaluering av retningslinjer og praksis knyttet til bierverv.

9. Øke bevisstheten hos den enkelte ansatte i forhold til bierverv gjennom f.eks. å:

- Ha bierverv som et av temaene ved medarbeider/utviklingssamtaler
- Ha bierverv som tema i personalmøter
- Ha dette på agendaen i ledermøter
- Foreta jevnlig påminning (2-3 ganger årlig) via mail om at ansatte skal registrere bierverv eventuelt oppdatere oversikten. Prosesseier må da ha et system for dette
- Ha et system for sletting av utgåtte bierverv
- Kommunisere via eksempelvis Intranett/nyhetssak/e-mail osv. (2-3 ganger årlig)

10. Utvikle et system/rutine som benyttes til registrering av bierverv (arbeidsflyt) som sikrer at arbeidstakers valg dokumenteres. Det vil også være hensiktsmessig at ansatte som ikke har bierverv bekrefter dette i samme prosess, noe som gir et bevisst forhold til ansvaret ansatte har i forhold til å informere arbeidsgiver om disse forholdene.

11. Vurdere om klarere føringer er nødvendig i forhold til hvilke bierverv som skal registreres, hva leder skal vektlegge ved vurdering av søknader om bierverv og i noen tilfeller hvilke totale omfang av bierverv som kan godkjennes for enkeltpersoner. Dette var et ønske fra flere av dem som ble intervjuet, og er noe prosesseier i samarbeid med ledelse må gi tydelige eksempler på slik at de ansatte er godt informert om hva som er i henhold til virksomhetens retningslinjer.

5. HOVEDKONKLUSJON

Høgskulen på Vestlandet har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men har likevel ikke et helhetlig og godt system for registrering av bierverv eller etablerte internkontrollrutiner som sikrer fullstendighet og gjennomsiktighet/transparens i forhold til ansattes bierverv.


Rolf Jegervatn



Annette Sundsdal



Cathrine Vasset Rasmussen





**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/10823-1
Saksbehandler Frank Haugen

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
25.10.2017

80/17 - INTERN ØKONOMISTATUS PER 2. TERTIAL 2017

Forslag til vedtak/innstilling:

Saken blir tatt til orientering

Sammendrag

Saken belyser den interne økonomistatusen for HVL, ved nærregionene og HVL-fellesmidler. For eksterntregnskapet, som ble rapportert til departementet 1.oktober vises det til styresak 67/17 (Eksterntregnskap pr. 2 tertial).

Sammenlagt viser HVL sitt internregnskap et mindreforbruk i forhold til budsjett per 2. tertial på om lag 52 mill. kr, noe som er om lag 4,5 % av det periodiserte budsjettet. Nærregionene planlegger å bruke deler av den oppsparte avsetningen innen årsslutt 2017 (34 mill. kr.). Det er allikevel tilstrekkelig med oppsparte midler som gjør at den økonomiske situasjonen kan sies å være tilfredsstillende i 2017.

Vedlegg:

1. Økonomisk analyse
2. Internregnskap for nærregion Bergen
3. Internregnskap for nærregion Sogn og Fjordane
4. Internregnskap for Stord/Haugesund
